

# Årsmelding 2025

## Arna sokn



Foto: Odd Mehus



DEN NORSKE KYRKJA

# Arbeidet i kyrkjelyden

## **Gudstenesteliv**

- Høgmesse
- NRK-gudstenester
- Gudsteneste for store og små
- Dåpsegudsteneste
- Gudsteneste med konfirmantdeltaking
- UT:Møte
- Økumeniske gudstenester
- Gudsteneste med Klubben
- Gudsteneste/andakt på Arna helseheim
- Andakt på Utløbakken Miljøstove
- Andakt på Arna seniorsenter
- Bibelgrupper/ husfellesskap

## **Bøn**

- Bønesamling kvar tysdag
- Økumenisk bønesamling kvar månad

## **Møtestader**

- Babysang
- Sakkeus open barnehage
- Grautlørdag
- Familiekoret
- Husfellesskap/ bibelgrupper
- UT:Kveld
- Strikkekafé

## **Trusopplæring**

- Tiltak/ tilbod 0-18 år

## **Kyrkjemusikk**

- Arna og Ytre Arna kyrkjekor, 50 år
- Prosjektkor
- Forsongarteneste og band
- Konsertar
- Samarbeid med lokale kor og korps
- Orgelelever

## **Diakoni/ misjon/ evangelisering**

- Klubben
- Hjartebanken
- Misjonssundagar
- Misjonsprosjekt: NMS og Normisjon
- Kirkens Nødhjelp - Fasteaksjonen
- Arna Seniorsenter: styreleiar og styremedlem

## Ressursar

- Medarbeidarar
- Kyrkjebygg, Kyrkjelydshuset, Kyrkjestova, Borgstova, leikeplass
- Kyrkjeblad, heimeside og SoMe
- Samarbeid med skular og barnehagar i Arna
- Samarbeid med bedehus, kyrkjer, lag og organisasjonar
- Økonomi
- Strategitenkning
  - Plan for trusopplæring
  - Plan for konfirmantarbeidet
  - Plan for kyrkjemusikk
  - Plan for diakoni




Torill Vik Johannessen

*Leiar i Arna sokneråd*



Roar Moen

*sokneprest*



Marianne W. Fanebust

*dagleg leiar*

## Arbeidet i Arna sokneråd

Arna sokneråd har i året som gjekk hatt eit aktivt og mangfaldig arbeid. Soknerådet har vore samansett av åtte medlemmar, i tillegg til dagleg leiar og sokneprest som har delteke på møtene. Det er halde sju soknerådsmøte der til saman 51 saker har vore behandla. Mellom dei faste sakene har vore økonomi, årsmelding og oppfølging av pågåande tiltak i kyrkjelyden.

Soknerådet har arbeidd målretta med å støtte opp om dei nyoppstarta tilboda til barn og unge. UT (Ung tru) og KRIK vart faste tilbod frå 2025, og to ungdommar fekk sommarjobb i kyrkjelyden. Soknerådet støtta òg opp om den tverrkyrkjelege teltaksjonen «Velkommen heim». Hausten 2025 vart det starta innsamling av midlar til stilling som ungdomsarbeidar. Vidare vart prøve-perioden med haustkonfirmasjonar evaluert, og det vart vedteke å gå tilbake til konfirmasjonar om våren.

Gjennom våren vurderte soknerådet om kyrkjelyden skulle ta i bruk NaMu (Naturlig menighets-utvikling) på nytt, og det vart vedteke at dette kan vere ein god måte å styrkje det langsiktige kyrkjelydsarbeidet på. Soknerådet har òg lagt vekt på å styrkje fellesskapet rundt gudstenesta, mellom anna gjennom kurset «Varmere kirkekaffi». Frivillig arbeid og «korleis vere kyrkje» var dessutan tema på samarbeidssamling for sokneråd og stab 4.–5. april på Bjørnafjorden Hotell.

Soknerådet har vore involvert i planlegging og gjennomføring av ulike aktivitetar: julefest for alle, fasteaksjonsbasar og basar for kyrkjelydshuset. Vi er heldige som har eit godt og teneleg kyrkjelydshus, for å leggje betre til rette for bruken av kyrkjelydshuset og støtte dei faste tiltaka vart det oppretta ei 60 % vertsskapsstilling, med oppstart i september 2025.

Kyrkjelyden har også i 2025 vore vertskap for NRK-gudstenester. Når vi no avslutta samarbeidet med NRK, har vi verkeleg fått vist fram mangfoldet i Arna kyrkjelyd. Det var kjekt å kunne avslutte med eit smell på den siste NRK gudstenesta i november, av og med ungdom. Soknerådet vil rette ei stor takk til alle som har bidrege til gjennomføringa av NRK gudstenestene.

Soknerådet vil uttrykke takk til alle frivillige, medarbeidarar og gjevarar som på ulike måtar har bidrege til eit levande og inkluderande kristent fellesskap i Arna.

*Torill Vik Johannessen, leiar i Arna sokneråd*



Frå frivillig-festen

Foto: Odd Mehus

# Gudstenesteliv

## Prosjektgudstenester og økumenisk samarbeid

### **Bibeldagsgudstenesta**

Bibeldagsgudstenesta på såmannssøndag er eit godt innarbeidd samarbeidsprosjekt mellom kyrkjelydane og forsamlingane i Arna. Gudstenesta er open for alle, og representerer eit viktig møtepunkt mellom ulike kyrkjesamfunn i lokalsamfunnet. Sjølv om Pinsekyrkja Noah dei siste åra formelt har distansert seg noko frå samarbeidet, deltek framleis store delar av kyrkjelyden, ikkje minst gjennom song og musikk.

Gudstenesta skil seg frå den vanlege gudstenesteordninga ved at Ordets del og nattverddelen byter plass. Dette vert gjort av omsyn til at barn kan ta del i nattverden før dei går vidare til eigne aktivitetar. Ordninga har vore nytta i mange år og fungerer godt. Gudstenesta varer normalt meir enn halvannan time og er prega av rikeleg song frå den felleskyrkjelege salmeskatten. Bibeldagsgudstenesta bidreg slik til å styrkje fellesskapen mellom kyrkjesamfunna og forsamlingane i området.

### **«Velkomen heim»**

I mai fekk kyrkjelyden vitjing av konseptet «Velkomen heim», leia av Viggo Klausen. Denne gudstenesta vart ei felles samling for kyrkjelydane og forsamlingane i Arna, og vart utforma som ei barne- og familiesamling med song, musikk, andakt og lek i kyrkjerommet. Samlinga fungerte som ein introduksjon og motivasjon til deltaking i arrangementet «Velkomen heim» som fann stad i september.

I september vart det sett opp telt og aktivitetar på Lone gjennom ei heil veke. Aktivitetar som vanlegvis går føre seg i kyrkjelydane sine eigne lokale vart flytta til teltet. Gjennom veka var det opplegg for born, ungdom og vaksne, med særleg stor aktivitet laurdag og søndag med familieførestillingar. Ingen av kyrkjelydane eller forsamlingane i området hadde eigne møte denne søndagen, men deltok i staden saman i arrangementet. Arrangementet samla langt over 1000 deltakarar gjennom veka, og alle samlingane var så godt som fulle.

### **Økumenisk pinsedagsgudsteneste**

Den økumeniske gudstenesta på pinsedag vart eit omfattande samarbeid både teologisk, musikalsk og praktisk. Her kom det økumeniske mangfaldet tydeleg til syne, ved at både katolske kyrkjesamfunn og representantar frå trusrørsla deltok, i tillegg til fleire lutherske kyrkjesamfunn og forsamlingar.

Gudstenesta baud på ei rekkje musikalske bidrag og mange medverkande, noko som også stilte store tekniske krav til lyd og koordinering. Fleire språk vart nytta i liturgi, lesingar og song, mellom anna norsk, samisk, engelsk og swahili. Mange opplevde gudstenesta som ei sterk og samlande pinsedagsfeiring.

Gudstenesta vart arrangert i samband med markeringa av at det i 2025 er 1700 år sidan vedtakinga av den nikeniske truvekdjeninga på kyrkjemøtet i Nikea i år 325. Initiativet kom frå Noregs kristne råd, som opphavleg ønskte ei nasjonal markering. Samstundes vart det arrangert ei tilsvarende nasjonal markering i Nidarosdomen. NRK valde likevel å sende gudstenesta frå Arna.

## Nynorsk salmebok – 100 år

I oktober vart det halde ei særskild gudsteneste i samband med at Nynorsk salmebok fylte 100 år. Innføringa av nynorsk som kyrkjemål og bruken av nynorske salmar har hatt stor betydning for nynorskens plass i norsk kyrkje- og kulturliv. Markeringa fann stad fleire stader i landet i 2025.

Gudstenesta vart arrangert i samarbeid med Ytre Arna kyrkjelyd og sendt på NRK. Biskop Ragnhild Jepsen deltok og heldt mellom anna preika. Gudstenesta fekk særleg gode tilbakemeldingar, ikkje minst for det musikalske uttrykket og dei medverkande musikarane.

## Ungdomsgudstenesta

Den gudstenesta som fekk størst merksemd i 2025 var ungdomsgudstenesta på hausten, også denne sendt på NRK. Målet var at ungdomane sjølve skulle vere aktivt medverkande i utforminga og gjennomføringa av gudstenesta. Dette resulterte i at ungdomar utforma bønner, valde musikk og hadde ulike liturgiske roller.

Ungdomar spelte orgel, var hovudliturg og medliturgar, leia song, heldt preike og deltok med dans. Eit av høgdepunkta vart dansen i midtgangen under postludiet. Sjølv om ungdomane i utgangspunktet var usikre på korleis dette ville bli motteke, vart det ein stor suksess. Innslaget fekk stor merksemd i sosiale medium og førte til ei rekkje gratulasjonar frå heile landet, også frå biskopen og bispedømekontoret. Gudstenesta vart av mange opplevd som eit sterkt uttrykk for ungdomsengasjement og fellesskap i kyrkja.

## Bryllaupsmesse

I byrjinga av august vart det òg feira bryllaupsmesse. Dette er høgst sjeldan, og det kan gå fleire år mellom kvar gong i Noreg at slik messe vert halde. Bryllaupsmesse er ein kombinasjon av ekteskapsinngåing og høgmesse, og høyrer med til moglegheitene og unntaka som liturgiane våre opnar for. Ein fylgjer då liturgien for ekteskapsinngåing, men siste salme vert då salme før nattverd, og ein fylgjer nattverdsliturgien vidare. Sidan dette òg er ei messe heiter det at ho på førehand skal kunngjerast. I tillegg til dei kring 80 bryllaupsgjestane vart det over 100 deltakarar frå kyrkjelyden som var med å markerte dagen og tok del i han. Det var både frivilluge medarbeidarar frå kyrkjelyden og Arna misjonskyrkje som hjalp til i førebuingane og gjennomføringa.

## Avslutning av NRK-gudstenestene

Arbeidet med NRK-gudstenester har vore ein viktig del av kyrkjelydslivet dei siste åra. I byrjinga av desember 2024 vart kyrkjelyden spurd av NRK om ein ønskte å halde fram med sendingar også hausten 2025. Ei intern vurdering synta at både tilsette og frivillige opplevde arbeidet som givande, men samstundes krevjande over tid.



## Gudstjeneste

Arna kyrkje



Det vart difor undersøkt om det var mogleg å redusere talet på sendingar, men dette let seg ikkje gjere innanfor NRK sine rammer. Kyrkjelyden valde difor å avslutte samarbeidet etter hausten 2025. Ungdomsgudstenesta vart slik den siste NRK-gudstenesta i denne omgang.

Samla sett hadde kyrkjelyden då hatt 12 NRK-gudstenester over to og eit halvt år, sjølv om intensjonen opphavleg var for ein kortare tid. Kyrkjelyden har dermed vore den som lengst har vore med i dette opplegget. Reaksjonane på avgjerda om å avslutte har i hovudsak vore positive, og fleire har også peika på at det var naturleg å setje ein avslutning etter ei så lang periode.

### Musikalsk mangfald i gudstenestene

Det musikalske uttrykket i gudstenestene er variert. Ulike sjangrar, instrument og utøvarar får plass, både profesjonelle musikarar og amatørar. Fleire kor deltek jamleg og er med på å løfte songen i gudstenestene.

Sjølv om det i 2025 ikkje har vore eigne temagudstenester, har ein halde fram med å bruke band i fleire gudstenester. Det har også vore noko variasjon i dei liturgiske ledda. Den liturgiske strukturen svarar i hovudsak til 1977-liturgien, med unntak av kyrieleddet.

### Deltaking og statistikk

Statistisk sett er det størst variasjon knytt til dåp og konfirmantar. Desse tala varierer mykje frå år til år på grunn av ulik storleik på årskulla, og må difor vurderast over lengre tidsperiodar.

Snittalet på gudstenestedeltakarar på søndagar var i 2025 på 116, det same som i 2024. Dersom ein tek med alle gudstenester gjennom året – til dømes klubbgudstenester, dåpsgudstenester og julaftansgudstenester – ser ein likevel ein liten auke i snittalet frå 98 til 100 deltakarar.

Det totale talet på gudstenester auka frå 89 i 2024 til 101 i 2025. Auken skuldast i stor grad ungdomane sine eigne gudstenester på laurdagskveldane. For første gong på lenge passerte det samla talet på gudstenestedeltakarar 10 000 i løpet av eitt år.

### Nye og gjenopptatte gudstenester

I 2024 vart fleire gudstenester tekne opp att etter opphald under pandemiåra, mellom anna julaftansgudsteneste i Takvam kapell og nyårsaftansgudsteneste i Arna kyrkje.

I 2025 vart også påskenattgudstenesta teken opp att etter kring tretti år utan. Gudstenesta samla kring 30 deltakarar og fekk gode tilbakemeldingar.

### Familiegudstenester

I løpet av 2025 fann kyrkjelyden ein meir tydeleg rytme i feiringa av familiegudstenester. Desse vert no feira om lag fire gonger kvart halvår, altså kring ein gong i månaden. Familiegudstenestene vert særleg tilrådde til dei som ønskjer dåp.

Denne ordninga gjer at dåpsfamiliane kjem til gudstenester som i større grad er tilpassa born og familiar. Samstundes vert det enklare å planleggje gudstenestene slik at målgruppe og innhald passar godt saman.

### **Faste gudstenester for særskilde målgrupper**

I tillegg til dei ordinære gudstenestene vert det regelmessig feira klubbgudstenester og ungdomsgudstenester (UT:Møte). Desse vert normalt haldne månadleg og er retta mot særskilde målgrupper, mellom anna ungdom og personar med kognitiv funksjonsvariasjon.

Deltakinga er ikkje alltid høg, noko som påverkar snittalet på gudstenestedeltakarar. Likevel er desse gudstenestene viktige for dei som nyttar tilbodet, og representerer ein vesentleg del av kyrkjelyden sitt diakonale og inkluderande arbeid.

### **Kyrkjeåret som ramme**

Kyrkjeåret utgjer ei viktig pedagogisk ramme for gudstenestelivet. I ein kyrkjelyd med tilstrekkelege presteressursar og gudstenester kvar søndag og helgedag er det naturleg også å ta i bruk fleire av kyrkjeåret sine særskilde dagar.

I 2025 vart både nyårsaftangudsteneste og påskenattsgudsteneste ein del av gudstenesterytmen. I åra framover kan det vere aktuelt å ta i bruk fleire av kyrkjeåret sine særskilde markeringsdagar, til dømes oskeonsdag og olsok, samt auka bruk av skriftemål.

Nattverd vert feira ved dei fleste gudstenestene, og det er berre unntaksvis at ei gudsteneste vert halde utan nattverd.

### **Revisjon av lokal grunnordning for gudstenesta**

I 2025 tok soknerådet opp att arbeidet med revisjon av den lokale grunnordninga for gudstenesta. Etter planen skulle den gjeldande grunnordninga vore evaluert i 2022, men både pandemi og sjukdom gjorde at den planlagde revisjonen måtte utsetjast.

Arbeidet vart difor teke opp att tidleg i 2025, og soknerådet sette ned ei mindre arbeidsgruppe som fekk ansvar for å gjennomgå ordninga. I kunngjeringane vart det gjort kjent at dei som hadde synspunkt eller ønskte å delta i arbeidet kunne slutta seg til arbeidsgruppa, men det var ingen som melde seg til dette.

Som del av prosessen vart det også lagt opp til open samtale med kyrkjelyden. Etter ei gudsteneste i vårsemesteret vart det sett av tid på kyrkjekaffien til å drøfte grunnordninga og gje høve til innspel frå dei som deltok i gudstenesta. Desse innspela vart tekne med vidare i arbeidsgruppa sitt arbeid.

Arbeidsgruppa har hatt fleire møte og har no avslutta sitt arbeid. Framlegget til revidert grunnordning er sendt til soknerådet for vidare behandling. Ein kan difor venta mindre justeringar i den lokale liturgiske ordninga i løpet av 2026.

*Sokneprest Roar Moen*

# Sakkeus open barnehage

## Måndag = Sakkeus-dag!

Kvar måndag, unnateke skuleferiane, inntek ein fin gjeng barn og foreldre Kyrkjelydshuset. Mange kjem trufast kvar einaste måndag, andre stikk innom når det høver.

Ein dag i Sakkeus inneheld frileik, formingsaktivitet, sangstund og lunsj. God golvplass gir gode muligheter for leik og aktivitet. Den nye sofakroken er flittig brukt – til lesestund, for dei som treng ein kvil, eller for dei som vil ha ei roleg pratstund.



Sakkeus har vore på to utflukter til Soltun Besøkgard saman med Indre Arna open barnehage og Noa open barnehage. Forpaktarane Andreas og Renate er gode formidlarar og engasjerer både barn og foreldre. Ulike årstider har gitt barna varierte opplevingar med dyr, natur og ikkje minst vær.

Sakkeus var på påske- og julevandringar i kyrkja saman med prest og kateketar. Dette er godt innarbeidde tiltak som lar barna sanse og leike seg gjennom bibelforteljningane, og god inspirasjon til frileiken etterpå.

17. mai vart markert med pølser, leikar og premiar.



Fellesskap er viktig, både for barn og foreldre. Sangstunda er eit sentralt samlingspunkt der alle deltek. Repertoaret er svært variert, og tilpassast årstider, høgtider og dei som er til stades.

Måltidet gir nødvendig pause frå leiken, og høve til roleg prat for små og store. Maten er medbrakt, og ofte byr Kari på nysteikte vaflar til dessert.

Økonomien til Sakkeus er god. Styrar er engasjert i NÅBO – nettverk for opne barnehagar i Bergen og omegn. Eit sentralt tema her er forutsigbarhet for alle opne barnehagar. NÅBO sendte høyringssvar på forslaget til 'finansieringsforskrift' for private barnehagar. I etterkant vart styrarane i Sakkeus/Noa og Fyllingsdalen menighet sin opne barnehage invitert til seminar i Kunnskapsdepartementet, med tema informasjonsinnhenting frå vårt felt. NÅBO har vore på to møter med Bergen kommune angående berekning av tilskot til opne barnehagar, og styrar deltok på fagdag i regi av Barnehage-myndigheten i Bergen.



## Medarbeidarar i Sakkeus dette året:

Benedikte Auglænd, assistent  
Marlyn Hop, ekstrahjelp/vikar  
Luna M. Dimond, frivillig  
Kari Secher, frivillig  
Håkon Opheim, ekstrahjelp

*Møyfrid Opheim, styrar*



Familiekoret hadde samling 9 torsdags-ettermiddagar på vårhalvåret og 8 på hausthalvåret. I tillegg var det ei ekstra øving i samband med NRK-gudstenesta.

Samlingane starta med servering av pølser, saft og kaffi frå kl 16.30. Det sosiale fellesskapet har vore ein viktig faktor i Familiekoret. Fleksi-starten med mat og kaffi har gitt både barn og vaksne god anledning til å bli kjent med kvarandre.

Korøvinga frå kl 17-17.30 samla små og store i ring rundt pianoet til song og bevegelsesleik. Enkelte samlingar hadde over 30 deltakarar.

#### **Familiekoret deltok på følgjande arrangement**

Vårhalvåret

- 2. februar NRK-gudsteneste
- 2. mars Karnevalsgudsteneste
- 29. mars Grautlørdag

Hausthalvåret

- 21. september «Velkomen heim»-familieførestilling i teltet på Lone
- 09. november Gudsteneste for store og små
- 29. november Grautlørdag
- 11. desember Huskonsert/ open øving

#### **Leiarar 2025**

Olav Arne Steinkopf, kantor/leiar  
Frida Steinkopf, pianist  
Simen Eman, pianist  
Kari Secher, frivillig pølsekokk  
Julie Kristiansen, leiar  
Møyfrid Opheim, leiar  
Marlyn Hop overtok som leiar i september.

*Møyfrid Opheim*

# Kyrkjeleg undervisning



## KYRKJELEG UNDERVISNING OG LÆRING

«Plan for Kyrkjeleg undervisning og læring» vart vedteke på Kyrkjemøtet i 2024. Kyrkjeleg undervisning og læring er det nye omgrepet for trusopplæring.

Utvalet består av Benedikte Auglænd, Torill Vik Johannesen, Vibeke Aaeng Mjelde, Ellinor Kvamen Lid, Cathrine Snipsøy (kateket) og Ieiar Gro Eman (kateket). Utvalet hadde to møte i 2025.

I år har mykje tid gått til den tverrkyrkjelege møteveka «Velkomen heim», som vart arrangert i september. Mange av dei årskulla som vanlegvis får eigne trusopplæringstiltak, vart i år inviterte til «Velkomen heim» i staden for dei faste opplegga. Elles har vi halde fram med nokre av dei faste tiltaka.

## Tiltak 0-18 år

### 0 år/ Dåp

Soknepresten eller kapellanen har dåpssamtale med alle føresette busett i Arna. Dåpsborna får ei bokgåve; «Arvegull». På dåpsdagen får dei ein dåpsserviett frå Madagaskar og eit dåpslys med symbol.

### 0 år/ Babysang

Babysang er ein møteplass for dei som er heime med ein baby. Vi møtest kvar torsdag føremiddag gjennom skuleåret. I løpet av 2025 var det 55 unike born innom.



Ei samling inneheld mellom anna namnesong, rim og regler, kveldsbøn og velsigning. Deltakarane får møte både kristne og «vanlege» barnesongar. Etter songstunda har vi ei sosial samling med kaffi, te og frukt. Vi har 8 frivillige som tek ansvar for servering og andre praktiske oppgåver. Ei lita undersøking viste at både det sosiale og dei frivillige er svært viktige for deltakarane.

### 1 år/ Småbornsong

Tiltaket er utsett til 2026.

## **2 år/ Krybbesamling**

Krybbesamling i adventstida. Vi starta med graut i kyrkjestova kl. 16.30 før vi gjekk til kyrkja og hadde ei vandring på ulike stasjonar med song og formidling. Borna fekk møte «dåpsbarnet», sjå korleis dåpen går føre seg og kjenna på vatnet. Dei fekk òg møte «Jesusbarnet» og høyre historia om då han vart fødd.

På slutten av samlinga fekk alle med seg ein adventsong som dei kunne pynte med klistremerke, samt ei bok. 9 born deltok.

## **3 år/ Krøllesamling**

Avlyst i år. Dei vert inviterte i 2026.

## **4 år**

I år vart 4-åringane inviterte til «Velkomen heim». Der fekk dei flott formidling i teltet ved Viggo Klausen, matservering og hoppeslott. Alle fekk teikneserieboka *Evangeliet for barna*. Oppmøtet var større enn vanleg.

## **5 år/ Julespel**

Julespelet vart arrangert av Tverrkyrkjeleg Arna. Etter eit år utan julespel var det endeleg i gang igjen. Ein stor komité med frivillige tok fatt på oppgåvene med stor iver og gjorde arrangementet mogleg. Det var over 70 skodespelarar og rundt 30 medhjelparar. Det var svært kjekt å sjå at mange av dei same frivillige kom tilbake, trass i eit år med pause. Nytt for året var fire alpakkaer, Elise Haugland på silks (som sjevande engel), og døvetolking av introsongen. Flere hundre personar var innom framsyningane. Rundt 10 femåringar registrerte seg.

## **6 år (haust 1. trinn)**

I år vart 6-åringane inviterte til «Velkomen heim». Der fekk dei flott formidling i teltet ved Viggo Klausen, matservering og hoppeslott. Alle fekk teikneserieboka *Evangeliet for barna*. Oppmøtet var større enn vanleg.

## **7 år (vår 1. trinn)**

Samlinga ble avlyst.

## **8 år (vår 2. trinn)/ Tårnagentar**

Borna var inviterte til å vera agent. Vi snakka og dåp og pinse, løyste oppgåver i kyrkja og ute. Det ble ein spanande tur i kyrkjetårnet for alle. Til slutt var det mat i Sakkeusparken. 16 born kom.

## **9- 11 år (4.-6. trinn)/ Etter skuletid**

«Etter skuletid» er no innført i nærleiken av alle skulane i Arna. På Lone samarbeider vi med Betania. Ådnamarka er eit samarbeid med Misjonskyrkja, medan Garnes vert arrangert av kyrkja åleine.

Målet er at elevar på 4.-6. trinn skal få 5 til 7 samlingar med trusopplæring rett etter skuletid. I staden for å gå heim til eit tomt hus og kanskje setje seg framfor skjerm, kan dei kome til ei «varme stove» nær skulen. Der møter dei vaksne som har tid til å sjå dei.

Malen for dagen: mat, «Aldri aleine»-samling (trusopplæring), lekser for dei som ønskjer det, og frileik som spel, baking, spikeball, airhockey, lego, hobbyaktivitetar og liknande. Vi har greitt med vaksne som vil vere med på Lone, men manglar framleis mange frivillige på Garnes og Ådnamarka. Det er verdifullt å skape eit godt fellesskap for leiarane, så vi startar alltid med prat og ein kaffikopp. Vi har òg eit mål om å inkludere dei som kanskje ikkje går fast i kyrkje eller bedehus.

### **13 år (vår 7. trinn)/ Samling før ungdomsskulestart**

13-åringane vert invitert til ein kveld på Ung Tru. Tanken er at dei kan fortsetje i ungdomsmiljøet etter denne samlinga. 2 ungdomar kom, og vil hadde ein hyggeleg kveld saman.

### **14 år (haust 9. trinn)/ Informasjonsmøte om konfirmanttida**

I haust hadde vi informasjonsmøte i kyrkja, for dei nye konfirmantfamiliane.

Mange konfirmantar og føresette kom, og fleire av oss som er leiarar fortalde om konfirmanttida. I programmet er det også vandring i kyrkjerommet med ulike postar der ein kan lese eller gjere noko.

### **15 år (haust 10. trinn)/ Konfirmantar**

Vi har framleis prøveordning med konfirmasjonar i september. I løpet av konfirmanttida var konfirmantane med i undervisningsgruppe, fellessamlingar, basar, gudstenester og leir.

The logo consists of the word "KONFIRMAN\*" in white, uppercase letters on a green rectangular background. The asterisk is stylized with a cross-like shape.

I april laga vi basar til inntekt til Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon. Føresette for nokon av konfirmantane var med i komiteen. Konfirmantane selde loddbok i forkant og på basardagen hadde alle oppgåver.

95 ble konfirmert i Arna i 2025.

### **16-17 år**

I år vart dei inviterte til tverrkyrkjeleg ungdomssamling under *Velkomen heim*, med formidling i teltet ved Viggo Klausen, matserving, hoppeslott og kjekke aktivitetar. Rundt 80 ungdommar i ulike aldrar var innom.

### **18 år (haust 3. vgs.)/ REUNION**

Dette vart også i år ein festkveld! Det var ikkje mange 18-åringar, men det gjorde at dei som var der fekk prate mykje saman. Pizza og is med fontene og bursdagssong, gav ei fin ramme for markering av 18 åringane. Stemninga var god og mange gode gjensyn blant ungdomane. Dei som hadde skrevet brev til seg sjølv i konfirmanttida, fekk det tilbake. Alle fekk gripekors og «brev frå Gud» med bibelsitat om deira verdi. 4 ungdomar kom.

# Barn og unge

## Samarbeid med barnehagar

Alle barnehagane var invitert til samling i «Velkomen heim»-teltet med hoppeslott etterpå. Kateket Gro hadde songsamlingar ein gong kvar månad i Neshaugane barnehage og minste avdeling i Ådnanipa barnehage.

## Påskevandring

Før påske i 2025 var det 9 barnehagegrupper som kom på påskevandring i Arna kyrkje.

## Julevandring

I desember 2025 gjennomførte vi 10 julevandringar i Arna kyrkje.

## Samarbeid med skulane

Kateketane var på besøk til 2. trinn på Lone skule og hadde påskevandring. I desember var vi i hos 1. trinn og hadde julevandring.

Garnes ungdomsskule hadde to gudstenester. Lone skule hadde ei gudsteneste.

## Tverrkirkelig Arna

Eit forum for kyrkjer og bedehus i Arna kor ein kjem saman og snakkar om og arbeider for, barn, ungdom og familiar i bydelen. Dette er organisert som eit lokallag av Skjærgårds LIVE. I år har vi samarbeidd om ungdomsleir, teltaksjonen «Velkomen heim» og julespelet.

## Felles ungdomsleir

35 ungdommar frå heile Arna, inkludert ein gjeng frå Osterøy, deltok på årets leir på Gullbotn konferansesenter. Dei bidrog både i planlegginga og gjennomføringa av leiren. To ungdommar som hadde sommarjobb i kyrkjelyden var leiarar på leiren.

På ei av samlingane var det ungdommane sjølve som hadde andakt. Dei formidla svært godt og på ein måte som var relevant for livet til dei andre deltakarane.

## «Velkomen heim»

Ei veke i september deltok me saman med dei andre forsamlingane i Arna bydel på felles-arrangementet "Velkomen heim". Eit møtetelt stod ved Lone camping frå måndag til sundag. Ein stor felles innsats med mange, dedikerte medarbeidarar på jobb.



Her var samlingar for born i skulealder, felles øving for barnekor, songkveld for vaksne og ungdomskveld. I helga var det fire ulike familieførestillingar ved Viggo Klausen. Alle arrangementa var godt besøkte. I følge Bygdanytt var det 1000 som kom?!

## UT:Kveld og UT:Møte

Ungdom frå 13 år er invitert til samling i kyrkjelydshuset 2.kvar laurdag kl.19-23. Ein laurdag kvar månad startar UT-kvelden med ei samling i kyrkja med tale, bøn og song.

I år starta vi opp Ung tru for fullt, og 18. januar hadde vi det første møtet, med *val* som tema.


Det vart valt eit styre som består av Thilde Onarheim Mæland (leiar), Thea Hollekve, Vår Folkvord og Victoria Hop, med Elias Mehus som vara.

Saman med kapellan Gina Marie har dei hatt jamlege møte der dei planlegg komande Ung tru-kveldar og har medansvar for gjennomføringa. Slik får ungdomane eit eigarskap ved å setja sitt preg på samlingane.

Gjennom våren måtte vi auke frå éin gong i månaden til annakvar veke, etter ønskje frå ungdomane.

Det har også vore ulike andre tema, som *kjærleik, Harry Potter, påske, Bibelen* og meir til. Tema for sommaravslutninga var «*Grill ein prest*», der ein kunne senda inn spørsmål til ein prest som svara etter beste evne på alle spørsmåla ungdomane hadde. Her var også alle 7. trinn i Arna inviterte.

Juleavslutninga var ei overnatting i kyrkjelydshuset, som vart avslutta med deltaking på gudstenesta søndag.



## KRIK Arna

Trening og sosialt for ungdom frå 13 år, kvar søndag kl.19 i Lonehallen.

I 2024 fekk ungdomen eit eige styre i KRIK Arna:

Maria Hauge Dijkstra (leiar), Elias Mehus (nestleiar), Ida Sjøilen, Fillip Johannessen, Eline Dijkstra og Simen Eman. Torill Vik Johannessen (vaksenkontakt) og kapellan Gina Marie Reisæter-Thu (kasserar) er også med.

Gjennom 2025 har talet på ungdomar som har vore med, auka. Vi starta med å møtast kvar søndag kl. 17 i Lonehallen, men i haust vart tidspunktet endra til kl. 19. Vi har følgd skuleruta.

Det har vore jamlege styremøte for å fordela ansvar mellom styremedlemmene; alt frå å halda andakt til å planleggja aktivitetar. Alle har vore med og gjort ein god innsats gjennom året.

Utanom vanlege treningar har vi hatt besøk av StudentKRIK, som har gitt oss inspirasjon og tips til korleis ei KRIK-trening kan vera. Vi har også hatt bobleotball, sommaravslutning med grilling og vore på trampolinepark. I tillegg hadde vi eit lag som var med på YouthCup i Haukelands-hallen (tidlegare NattCup), arrangert av KRIK og KFUK/KFUM.

No har vi valt nytt styre for 2026, og det er følgjande: Sofie Dale Romslo (leiar), Adrian Elias Sägesser, Fillip Vik Johannessen, Lukas Eman og Simen Eman.

*Kapellan Gina Marie Reisæter-Thu*

## Kyrkjemusikalsk arbeid

Kantor leier songen og musikken i gudstenester, gravferder og vigslar. Han arrangerer, deltek på og administrerer konsertar. Kantor arrangerer salmekveldar og underviser i orgelspel. I tillegg er han med på gudsteneste for «Klubben» ein gong i månaden. Kantor har ansvar for å øve salmar med konfirmantane og er med på påskevandring/julevandring med barnehagane.

Kantor har prosjektkor og er dirigent for Arna og Ytre Arna kyrkjekor. Kyrkjekoret deltek på gudstenester, konsertar og salmekveldar. Kantor har òg eit delansvar for familiekoret.

Det var **14 konsertar i kyrkja i 2025 med totalt 1485 til stades.**

Under er det lista opp ei oversikt.

Type arrangement	dato	antall til stades	felles/ andre
Orgelresitasjon på langfredag	18. april	41	
Konsert med Haukeland songlag	29. april	144	
Corioliskvartetten, Kultur dagar	03. mai	21	x
Sigrid Moldestad. Avslutning Kultur dagar	04. mai	178	x
Fredskonsert	08. mai	161	
Konsert med Arne Musikforening	11. juni	64	
Eirin Soelberg/Sigrid Djøgne. Seinumarkonsert	10. august	37	
«Allsang i teltet»	18. september	200?	
Bøen/Fiskaaen duo	26. oktober	11	x
Orgelboy. Ensemble Aeterna. Andreas Pettersen med band	09. november	29	x
Bøen/Fiskaaen duo. Filmmusikk	30. november	20	x
Arne musikkforening. Julekonsert	07. desember	131	
Haukeland songlag. Julekonsert	14. desember	193	
Kyrkjekoret 50 år - jubileumskonsert	18. desember	<b>398</b>	
Konsert: Ljos ensemble ved Sigrid Djøgne	21. desember	57	x

Det er eit svært variert gudstenesteliv i Arna. Kantor ynsker at omgrepet «kvalitet» skal vere gjennomgåande uansett gudstenestetype og musikalsk stil.

I 2025 var det fem NRK-gudstenester. Desse gudstenestene har krevd svært mykje ekstraarbeid. Likevel har det vore mange positive sider ved dette arbeidet. Det har skapt engasjement og gjeve eit ekstra påskudd til å engasjere og involvere fleire i gudstenestene. Dette gjeld både kor og andre medverkande.

02. februar	Gudsteneste for små og store med Thor Haavik og Arna Soul Children
08. juni/ pinsedag	Felles økumenisk gudsteneste
27. april	Påskejazzmesse i samband med Kultur dagar i Arna
19. oktober	Nynorsk salmebok 100 år
16. november	Ungdomsgudsteneste

Vi har fått svært mange positive tilbakemeldingar frå heile landet på NRK-gudstenestene frå Arna.

*Olav Arne Steinkopf, kantor*

# Arna- og Ytre Arna kyrkjekor

## Styret

Leder	Julie Kristiansen
Nestleder	Kirsti Rolland
Kasserer	Marianne Fanebust
Skriver	Anne Silje Leite Birkelund
Styremedlemmer	Alice Bjørnstad og Jan Kåre Jakobsen
Valgkomité	Astrid Hagebø og Leif Grøteide
Dirigent	Olav Arne Steinkopf



## Program våren 2025

Deltakelse på ordinære gudstjenester:

Ytre Arna kyrkje	1 gudsteneste
Arna kyrkje	3 gudstjenester

8. mai Fredskonsert i Arna kyrkje  
6. februar Årsmøte. Julie Kristiansen ble ny leder.  
20.-22. juni: «Rydd vei for Herren». Markering av 50 års jubileum i Molde domkirke.

Antall ordinære øvinger: 11 st.

## Program høsten 2025

«ALLSANG i teltet» 18. september: koret sang i møteteltet på Espeland i forbindelse med familieforestillingen "Velkommen hjem". Viggo Klausen og tverrkirkelige menigheter i Arna bydel deltok.

Deltakelse på ordinære gudstjenester:

Arna kyrkje	1 gudstjeneste
2. nov.	Allehelgensmesse
Ytre Arna kyrkje	1 gudstjeneste

18. desember sang koret på julekonsert i Arna kyrkje. Salen var mer enn fullsatt med 398 til stede. Proffe musikere og solister ble innleid.

Avslutning 19. desember.

Kyrkjekoret var deltakere i nærheten av mikrofoner på alle NRK-gudstjenestene i Arna kyrkje.

Antall aktive medlemmer i koret på slutten av semesteret: 16 st.  
Mangeårig kormedlem Tor Nævdal gikk bort i september.

*Anne Silje Leite Birkelund, skriver*

# Diakoniutvalet

Diakoniutvalget har hatt to møter våren 2025.

Etter at Lise Liland gikk ut av utvalget høsten 2025 er det bare

soknerådsrepresentantene Evelyn L. Nytun og Erik Rodal og sokneprest Roar Moen igjen i utvalget.



I samråd med soknerådet har vi derfor i høst fokusert på å opprettholde den aktivitet som allerede er i gang og som er direkte underlagt diakoniutvalget. Primært Grautlørdagene og Minnegudstjenesten på Allehelgensdag.

Utover dette foregår det jo mye diakonalt arbeid som ikke ligger direkte under diakoniutvalget. Som f.eks. Fasteaksjonen, Hjertebanken og Klubben. Og som deler diakoniplanens visjon:

**Guds kjærlighet til alle mennesker og alt det skapte virkeliggjort gjennom liv og tjeneste.**

## Grautlørdagene 2025

### Våren

25. jan., 22. febr., 29. mars og 31. mai. (lørdag 26. april ble avlyst da vi hadde fått beskjed om at lokalet var opptatt i forbindelse med konfirmasjon).

### Høst

30. aug., 27. sept. og 29. nov. (25. okt. var det planlagt, men ble avlyst, da ingen av våre faste kjøkkenhjelpere hadde anledning.)

Våre faste kjøkkenhjelpere er Evelyn Haldorsen, Gunda Hjelman og Randi Stordal. Astrid Hagebø er vikar. Det bør være 3 stykker på kjøkkenet. Vi trenger derfor her flere som kan stille opp.

Innkjøp og aktiviteter har Møyfrid Opheim stort sett hatt ansvar for. Marlyn Hop har nå tatt over disse oppgavene. Erik Rodal har hatt ansvar for organisering og informasjon.

Grautlørdagene er et diakonalt arbeid som er verd å videreføre og som har god oppslutning. Selv på lørdager som er i begynnelsen på høstferie, vinterferie eller påskeferie. På spørsmål om hvor mange som er innom svarte Evelyn Haldorsen (hun teller skjeer 😊)

**“Jeg vil si et gjennomsnitt på 65, noen ganger 80, andre ganger 50 pluss/minus.**

**Det gledelige er at det alltid er nye ansikt.”**

## Minnegudstjenesten Allehelgensdag

Ansvar for gudstjenesten hadde Roar Moen. Erik Rodal deltok.

Randi Stordal og Evelyn Nytun lagde i stand kirkekaffen etter gudstjenesten. Gudstjenesten har god oppslutning, men kirkekaffen har varierende oppslutning fra år til år.

Konklusjon:

Arna kyrkjelyd mangler for tiden et diakoniutvalg.

Noe det helt klart er ønskelig å ha.

Inntil dette igjen blir etablert er det imidlertid viktig å ivareta og opprettholde eksisterende arbeid.

*Erik Rodal*

## Ungdomsdiakon

Ungdomsdiakon i Arna deler sin stilling med Ytre Arna, 50% i kvart sokn. Samtaletilbudet 13-20 i Bergen, og i Arna, har også i 2025 møtt ungdom til enkeltsamtaler, og i grupper gjennom konfirmantarbeid, ulike ungdomsarrangement og leir. Ungdomsdiakon i Arna er med og driv sorggruppearbeid for born og unge, saman med diakon i Åsane og i Skjold.

Noen å snakke med om ...

... familie? ... uro? ... tunge tanker?  
... skole? ... tro? ... sorg?  
... vennskap? ... noe helt annet?

13-20  
et samtaletilbud for alle mellom 13 og 20 år

Arna og Ytre Arna

Bare send en melding: 413 60 923

Maria Aasheim Grosås  
Ungdomsdiakon og sosionom

www.13-20.no/bergen

Dette året har ungdomsdiakonen hatt permisjon frå februar ut mai, og det har vore ein vikar inne i delar av arbeidet denne tidsperioden. Etter permisjonen er ungdomsdiakon i 70 % arbeid, med vikar for noko av arbeidet i Ytre Arna. Disse permisjonane får innverknad på gjennomførte samtaler og ungdom som har vore følgt opp. Det er vanskeleg å skilja ut tal for Arna, men totalt har ungdomsdiakon i Arna og Ytre Arna gjennomført 55 enkeltsamtaler med ungdom, i tillegg til oppfølging av foreldre, føresette og nettverk. I samtalene for ungdomane kome og snakke om det som ligg ein på hjartet, alt frå store utfordringar til det som berre er fint.

Ungdomsdiakonane som jobbar i 13-20 ynskjer å vere vaksne med tid, og vi opplever stor takksemnd for at vi er det. Både frå ungdom og foreldre.

*Maria Aasheim Grosås, ungdomsdiakon*

### Misjonsavtaler

Kyrkjelyden har avtale med NMS (Etiopia) og med Normisjon (Bangladesh). Det var to økumeniske misjonsgudstenester i Arna kyrkje.

NMS/Etiopia: 3 offer, kr 17.200. Normisjon/skuleprosjekt i Bangladesh: 3 offer, kr 13.615.

### Kirkens SOS i Bjørgvin

Arna kyrkjelyd er medeigar og støtter årleg økonomisk. Kirkens SOS er landets største kriseteneste. Menneske tek kontakt gjennom telefonsamtalar, SOS-chat og SOS meldingar heile døgeret. Det var 2 offer, kr 9750, -

### Kirkens Nødhjelp

Det var samla inn 13 takkoffer til Kirkens Nødhjelp, inkludert på 7 konfirmasjonar og 4 på julaftan (+ direktevipps), til saman kr 63.553, -

### Strikkeprosjektet

Strikkeprosjektet engasjerer mange. Babytepper, kuvøsegensarar, luer og sokkar i ull kom inn til born i Ukraina. Organisasjonen «Giving hands» i Øygarden køyrer til Ukraina med kler og utstyr. Takk til alle som kjem til kyrkjekontoret med varme tepper og plagg!





Hjartebanken

Aktiviteten for 2025 var noko høgre enn dei to føregåande åra.

Årstal	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Timar	352,5	435,4	447	375,5	373	419
Oppdrag	268	266	277	250	240	272

Tala gjeld registrerte (og rapporterte) tenester. Tid til møter og organisering av tenesta kjem i tillegg til tala ovanfor.

Det er besøkstenesta som har hatt ei betydeleg auke frå om lag 150 timar i 2024 til over 200 timar i 2025. Dei andre tenesta har ligge på om lag same nivå.

Dei ulike **teneste/oppdrag** fordel seg på følgjande teneste:

- ✓ Besøksteneste/turven utgjer omlag 45 % (3 personar har besøkt 10 brukarar 113 gongar – brukt 204 timar)
- ✓ Medvandarteneste på Utløbakken utgjer omlag 23-24 % (kvar 14. dag, totalt 23 gongar, 97,5 timar, 5 medvandrarar)
- ✓ Kyrkjeskysst utgjer om lag 15 % (6 personar har fordelt 47 skyssdagar mellom seg)
- ✓ Anna transport/følgje utgjer om lag 12-13 % (35 oppdrag – 48,5 timar)
- ✓ Anna praktisk arbeid (hagearbeid m.m.) har utgjort om lag 5 % (12 oppdrag på totalt 22 timar)

Vi har hatt 20 (22 i 2024) **brukarar av tenesta**. I tillegg kjem brukarane av medvandrar-tenesta på Utløbakken.

Av dei 37 **innskytarane** vi har på lista vår har 18 vore aktive i år (19 i 2025). Det er med andre ord dei same eller noen færre innskyttarar som gjer ein større innsats. Det er ønskeleg at fleire av innskyttarane blir aktive.

I år arrangerte vi tradisjonen tro inspirasjonssamling/treff for innskyttarane. Mange (omlag 20 personar) fekk bl.a. høyre bymisjonsprest Trygve Stabrun fortelje om arbeidet til Kirkens Bymisjon i Bergen. En fin stund!

Hjartebank-komiteen har hatt 2 møte i 2025.

Komiteen vil rette ein stor takk til alle som gjer innsats for Hjartebanken!

«Den som undertrykker den svake, håner hans skaper, den som hjelper den fattige, gir Gud æren». Ordspr. 14,31

Roar Moen (s)

Leif Grøteide (s)

Evelyn Haldorsen (s)

Jostein Monstad (s)

Stig Stordal (s)

## Klubben

Medlemmene i Klubben møtes i kyrkjelydshuset hver onsdag kl. 17.30 - 19.30. Mellom 12 og 25 møter hver gang, noen i følge med støttekontakt eller personale fra bofelleskap.



På klubbkveldene er det aktiviteter som puslespill, brettspill, bingo eller formingsaktiviteter.

Måltidet er en viktig del av klubbkvelden. De frivillige på kjøkkenet er viktige medarbeidere. Noen av klubbmedlemmene liker å være med på kjøkkenet. Det å lage mat sammen gir en fin anledning til en pratetund, som de fleste setter pris på. Vi har begynt å kun ha påsmurte skiver på klubbkveldene for å holde det enkelt, og fordi det er mye bedre likt enn suppe vi har pleid å ha. Vi har noe litt mer spesielt på dagene det er gudstjeneste, som f.eks. vafler eller hot dog.

En onsdag hver måned er det klubbgudstjeneste. Prestene Ingvar Fløysvik og Gina Marie Reisæter-Thu og har hatt disse sammen med kantor Olav Arne Steinkopf. Gudstjenesten har egen tilpasset liturgi og faste salmer, noe som gir forutsigbarhet og trygghet.

På juletreffesten i januar kom det rundt 90 personer. Det var julesanger, utlodning og servering av pølser, julekaker og brus.

I mai arrangerte Klubben Kultur kafé under Kulturdagar i Arna. Haus Musikklag og Arna Seniordans underholdt, og det var kafé med vafler, kaffi og brus.

Vi har nå begynt å ha KINO en gang iblant på Klubben. Til nå har vi sett Løvenes konge og noen episoder av A-laget. Det er mange som er med på det. Vi lager popcorn og serverer i en liten kopp.

Det har vært gjort arbeid for å bedre oppmøtet fra bofelleskap, med personlig oppmøte av Sigurd Opheim og Erik Rodal. Vi ser et stigende oppmøte.

### **Styret for Klubben består av:**

Hans Martin Svarstad

Erik Rodal

Frida Alva Runge, klubbleder

*Frida Alva Runge, klubbleder*

# Arna sokneråd 2023-2027

## Faste medlemmer

Ingmar Ljones	
Kristin Reigstad	
Torill Vik Johannessen	leiar, arbeidsutval
Kari Secher	arbeidsutval
Hans Martin Svarstad	
Gunnlaug Almelid Tvilde	
Ann Helen Heggstad Folkvord	
Marlyn Hop	
sokneprest Roar Moen	arbeidsutval

## Varamedlemmer

Erik Rodal	1. vara
Evelyn Anna Larsen Nytnun	
Arild Sundland Dale	
Møyfrid Naterstad Opheim	
Roald Zinke	fritak

## Bergen kirkelige fellesråd

er samansett av representantar frå alle sokneråda i Bergen kommune. Kari Secher er soknerådet sin representant i perioden 2024-2027. Hans Martin Svarstad er vararepresentant.

## Tilsette

Cathrine Snipsøy	kateket	100 %
Olav Arne Steinkopf	kantor	100 %
Monica Ohr	kyrkjetenar, Arna og Ytre Arna	100 %
Roar Moen	sokneprest	100 %
Ingvar Fløysvik	sokneprest Ytre Arna	100 %
Gina Marie Reisæter-Thu	kapellan	100 %
Maria Aasheim Grosås	ungdomsdiakon, Arna og Ytre Arna	100 %
Gro Eman	kateket	80 %
Marlyn Hop	vertskap/ husansvar, assistent	60 %
Marianne W. Fanebust	dagleg leiar, Arna og Ytre Arna	100 %
Møyfrid N. Opheim	styrar, Sakkeus open bhg.	25 %
Benedikte Auglænd	assistent, Sakkeus open bhg.	20 %
Jørn Skauge	organist Ytre Arna (gravferd mv. i Arna)	
Frida Alva Runge	leiar i Klubben	time
Jorunn Haukås	kyrkjetenar	time
Elias Mehus	kyrkjetenar	time

# Aktivitetar, nemnder, styre og utval

## **BARN, UNGE OG FAMILIAR**

- Babysang
- Trusopplæringsutval
- Trusopplæringstiltak 0-18 år
- Sakkeus open barnehage
- Familiekoret
- UT/ Ung Tru
- KRIK Arna
- Barnehage-/ skulesamarbeid

## **GUDSTENESTELIV**

- Gudstenestemedarbeidarar, grupper
- Forsongarar
- Livsnære grupper
- Kyrkjekaffi-grupper
- Bønenemnd
- Gudstenester med Klubben
- Gudstenester/ andakter på Arna helseheim
- Andakter på Arna seniorsenter og Utløbakken miljøstove

## **DIAKONI**

- Diakoniutval
- Hjartebanken
- Grautlørdag
- Minnegudsteneste, Allehelgensdag
- Klubben - styret og kjøkkengjeng
- Arna seniorsenter - styrerepresentantar
- Strikkeprosjekt: strikka barnekler i ull til Ukraina
- 50-årskonfirmantar: gudsteneste og samling

## **MUSIKK**

- Arna og Ytre Arna kyrkjekor
- Forsongarar, kor og musikarar på gudstenester
- Samarbeid med Haukeland Songlag
- Samarbeid med Arne Musikforening
- Prosjektkor
- Orgel-elevar

## SOKNERÅD

- Arbeidsutval
- Årsmøte
- Årleg samling for sokneråd og stab
- Fellesrådet; representant + vara
- NMS misjonsavtale, *(NMS-kontakt)*
- Normisjon misjonsavtale
- Offernemnd
- Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon
- *(Kirkens Nødhjelp-kontakt)*
- *(Kirkens SOS Bjørgvin-kontakt)*
- *(Bibelselskapet-kontakt)*

## KYRKJELYDSHUS

- Husutval
- Dugnadsgjeng - vedlikehald inne og ute
- Dugnadsgjeng - minnesamvær
- Vaktmeisteroppgåver
- Basarkomité
- Utleige

## Utoverretta kommunikasjon

### Kyrkjebladet

Kyrkjebladet kom ut til påske, skulestart og advent. Redaktør var Møyfrid Naterstad Opheim, redaksjonen bestod av Ingvar Fløysvik (leiar), Erik Rodal, Jorunn Haukås og Bjørg Marie Akse Kenefe.

### Distribusjon

Kari Secher og Hans Martin Svarstad tel blada til dei om lag 30 bladboda. Nær alle husstandar i Arna får Kyrkjebladet heim i postkassa.

### SoMe

Nettside: [kyrkja.no/arna](http://kyrkja.no/arna)  
Facebook og Instagram.



Vel møtt til gudsteneste på søndag kl.11.  
Vi er komen til 4 søndag i fastetida og preiketeksten er Johannes 11,45–53.  
Gina Marie er liturg og skal preike for oss og Ann Jorun Hopen skal leia oss i musikken.  
Vi skal også få samlas rundt nattverdsbordet.  
Etter gudstenesta er det kyrkjecaffi i kyrkjestova.  
Vel møtt til fellesskap.



# Arna kyrkjelydshus



## Husutvalet

Leiar	Ingmar Ljones*	
Nestleiar, sekretær	Ann Helen Heggstad Folkvord*	
Medlem	Kristin Reigstad*	(*også medlem i soknerådet)
Medlem	Bjarte Abildgaard	
Medlem	Steffen Mjelde	
1.varamedlem	Jan Kåre Jakobsen	
2.varamedlem	Harald Haugsvær	

Husutvalet har i 2025 hatt 8 møte og behandla 62 saker. I tillegg har det vore ein del møte og drøftingar i tilknytning til ulike samkomer, dugnader og andre oppgåver som ikkje er registrerte i møtebøkene.

Husutvalet er spesielt oppteken av at kyrkjelydshuset vert godt vedlikehalde, er tenleg for dei mange ulike brukargruppene, at kyrkjelyden sine behov for tenlege lokale har første prioritet, og at økonomien er så god at det kan utførast både planlagt og uføresett vedlikehald og eventuell ombygging.

Dersom det kjem inn om lag 100.000 kroner på basaren slik som tidlegare år, leigeinntektene vert om lag dei same som i dag, mange frivillige personar som stiller opp i minnesamvær med oppsetting av bord, kjøkken- teneste, borddekking, servering, oppvask og rydding mm, og det vert nok folk på dugnad, kan me rekna med at det vert god drift av kyrkjelydshuset også i komande år.

### Av arbeid som vart utført i 2025 kan nemnast:

- \*Tilkomst for rullestol i hovudinngangen vart utbetra på dugnad.
- \* Det vart montert ny «dørlukkar» på inngangsdøra i hovudetasjen.
- \* Bruk av salt i inngangspartiet førte til at mange flisar losna og temperaturmålararen til varmekablane fungerte ikkje. I veke 41 (haustferien) monterte Steffen Mjelde og Bjarte Abildgaard ny temperaturmålar, og Firma Murmeister Djonne festa og fuga flisane.
- \* Bordkledningen på nordveggen og trappa på austsida av kyrkjelydshuset vart behandla og malt på dugnad.
- \*Diverse utstyr til kjøkkenet er kjøpt inn.
- \*AKASIA har ansvar for dagleg reinhald, og vaskar kvar morgon (måndag - fredag) heile året bortsett frå i juli.
- \*Hovudreingjering inklusiv vask av vindaugo vart utført på dugnad.
- \*All ljosstoffarmatur vart skifta i 2023, bortsett frå ljos i salongen og undervisningsrommet. Husutvalet arbeider med å finna godkjent armatur som kan monterast i dei eksisterande utsparingane i taket.

\*Alt sløkkeutstyr er kontrollert av BSV Fire Protection & Safety og Frøland & Noss kontroll på brannsentralen, detektorar mm.

#### **Tilsetting av «vaktmeister»**

I møte soknerådsmøte 28.08.25 vart Marlyn Hop tilsett i 20% stilling som vaktmeister for kyrkjelydshuset (og 40% i Sakkeus open barnehage/kyrkjelyden generelt).

Fram til Marlyn tok til i stillinga, hadde leiar i husutvalet og dagleg leiar ansvar for «vaktmeisteroppgåvene».

#### **Oversyn arrangement og brukarar av huset:**

**Dei faste største leigetakarane/brukarane er:** Bergen kirkelige fellesråd (kyrkjekontoret), Sakkeus open barnehage (måndag), Arna Seniorsenter (tysdag og torsdag), Arna Seniordans og Klubben (onsdag), Babysang, Kyrkjekor/Prosjektkor og Familiekor (torsdag).

**Andre brukarar:**, Konfirmantundervisning, Soknerådet, Arbeidsutvalet, Husutvalet, Diakoniutvalet, Styret i Hjartebanken, Misjonsforeining, Bibeltimar/smågrupper, Komitémøte, Grautlaurdag, Kyrkjekaffi, Misjonsdagar, Fasteaksjonsbasar, Basar for kyrkjeset, Julefestar, Temakveld, Middag 50-årskonfirmantar, Trusopplæring, Tårnagentar, Lys vaken, Musikkførebuing, Julespel mv.

**Eksterne leigetakarar:** konfirmasjonsfest, dåpsfest, minnesamvære, årsmålsdag, mv.

Årsmelding vedteken i møte i husutvalet 4. mars 2025 sak 03/26.

*Ingmar Ljones*  
*leiar*

*Ann Helen Heggstad Folkvord*  
*nestleiar og sekretær*

## Bygg

### Arna kyrkje, Kyrkjestova, Takvam kapell

Bergen kirkelige fellesråd er ansvarleg for drift og vedlikehald. Driftsteknikar frå Akasia, Bjarte Husa, gjer ein framifrå jobb. Akasia Renhold AS vaskar kyrkje og kyrkjelydshus.

### Arna kyrkjelydshus

Bkf leigar kontorfløyen og publikumstoalletta i sokkeletasjen av kyrkjelyden.

### Borgstova

Gravplassmyndighetene i Bergen står for drift og vedlikehald. Gravplassarbeidarane har spiserom i 1. etasje. Arna gravferdsbyrå/Dahls leiger nokre rom i 1. etasje.

### Sakkeus-parken

Leikeplass knytt til Sakkeus open barnehage. Mykje brukt av barnehagane i nærområdet. Det vart lyspark i adventstida også i år, om enn ei litt nedskalert utgåve.

### Gravplassane

Arna kyrkjegard, Mjeldheim gravplass, Takvam kyrkjegard.

## Statistikk

### Arna sokn

**Talet på medlemmer** 0-100+ år 7347 (7451) medlemmer

0-18 år 1291 (1419) medlemmer

**Innmeldingar** 6 (4)

**Utmeldingar** 38 (31)

Tal i parentes er frå 2024.

Arna sokn	2014	2016	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
døypte	87	59	83	60	59	66	65	57	69
konfirmerte	101	80	79	93	84	81	98	78	96
vigsel	5	10	7	5	8	12	7	9	6
gravferd*	70	73	90	88	67+12	83+14	96+17	92+14	65 +10

### Kyrkjelege handlingar

\*Gravferd: +tall er gravferd frå andre sokn med seremoni i Arna kyrkje.

# Økonomi

## Rekneskapsførsel og revisjon

Arna sokn sin rekneskapsførsel ivareta av Bergen kirkelige fellesråd ved Aider AS. Revisor er Deloitte AS. Dagleg leiar har ansvar for økonomistyring, offerhandsaming, handtering av bilag, givarteneste, innkjøp, samt å leggje frem økonomiske rapportar og årsrekneskap for soknerådet. Arna sokneråd godkjenner årleg budsjettet for Arna sokn. Det er Arna sokneråd sin vurdering at årsrekneskapen syner eit korrekt bilete av resultat og stilling per 31. desember 2025. Driftsrekneskapen vart oppgjort med eit netto driftsresultat med eit mindreforbruk på kr 496.558, -. Fastsettinga av årets meir- og mindreforbruk vert vedteke av soknerådet.

## Framstilling i høve likestilling og diskrimineringslovgivinga

### Arna sokn

Valordninga i Den norske kyrkja inneber at kjønnsfordelinga i styrande organ vert avgjord gjennom demokratiske val. Dei 8 medlemmene i Arna sokneråd vert valde av medlemene i soknet kvart 4. år. For 2024 var fordelinga av dei faste folkevalde medlemene i rådet 3 kvinner og 5 menn.

### Likestillingstiltak

Dei fleste som arbeider i Arna kyrkjelyd er tilsett hos Bergen kirkelige fellesråd eller Bjørgvin bispedøme. Som arbeidsgivarar har organisasjonane aktive strategiar for å unngå diskriminering og kan setje i verk tiltak om nødvendig. Arna sokn har nokre få tilsette i små engasjement/stillingar, og soknerådet har samarbeidsavtale med fellesrådet om det formelle arbeidsgjevaransvaret og lønnsutbetaling for nokre av desse.

### Avgrensingar

Arna sokn har inga avgrensingar når det gjeld tilgang til egne aktivitetar, styrande organ, verv eller stillingar som har samanheng med eit eller fleire diskrimineringsgrunnlag. Det er heller ikkje segregerte, herunder kjønnsdelte, aktivitetar eller tilbod.

Tilgang for menneske med funksjonsnedsetting med tanke på universell utforming av bygg: Det er teleslynge for dei med nedsett høyrse i kyrkjerom og kyrkjelydshus. Det manglar m.a. leie-liner for synshemma til kyrkjedøra. Med trinnfri tilkomst til kyrkjerommet, er det lett for rørsle-hemma å komme inn. Opp trappa i koret er det lause skinner som ikkje fungerer godt nok. Det finnes HC-toalett i begge etasjar i kyrkjelydshuset. Arna kyrkjelyd har eit tilrettelagte tilbod til menneske med funksjonsvariasjonar; det er Klubben som samlast kvar onsdag.